

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref nr.:

Saksnr.: 200501325

Dato: 18.10 2006

Forskrift om endring av forskrift om offentlige anskaffelser og forskrift om endring av forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene (vann- og energiforsyning, transport og posttjenester) mv. Forskrift om endring av "Forskrift til offentlighetsloven. Delegering av myndighet".

1. Kva saka gjeld

Med heimel i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser § 11 legg departementet fram forslag til forskrift om endring av forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser og forskrift om endring av forskrift 7. april 2006 nr. 403 om innkjøpsregler i forsyningssektorene (vann- og energiforsyning, transport og posttjenester) mv.

Med heimel i lov 19. juni 1970 om offentlighet i forvaltningen (offentlighetsloven) § 11 annet ledd, jf. forskrift av 14. februar 1986 nr. 351 punkt I nr 2 og samtykke i brev frå Justisdepartementet til Fornyings- og Administrasjonsdepartementet datert 23.11.2006, legg Fornyings- og Administrasjonsdepartementet fram forslag til forskrift om endring av forskrift av 14. februar 1986 nr. 351 punkt V nr 12.

2. Høyring

Før forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser og forskrift 7. april 2006 nr. 403 om innkjøpsregler i forsyningssektorene (vann- og energiforsyning, transport og posttjenester) mv. vart vedtatt i april, hadde utkasta vore på høyring. Desse forskrifta har ennå ikkje trått i kraft, og brukarane av forskriftene har dermed ikkje innretta seg etter dei nye reglane. Endringane som departementet nå foreslår, er justeringar i reglar som har vore høyrde. Det har difor ikkje vore naudsynt med ei eigen høyring om endringane.

Endringa i forskrift til offentlighetsloven er meint å vidareføre dagens rettslege situasjon, og det har derfor ikkje vore naudsynt å sende forslaget på høyring.

3. Hovudendringane i innkjøpsforskriftene

3.1 Kontraktstandardar

Reglane om offentlege innkjøp skal regulere korleis konkurransen skal gjennomførast fram til kontraktsinngåinga. Reglane regulerar i liten grad utforminga av kontraktar mellom offentlege verksemder og leverandørane. I dagens forskrift om offentlege innkjøp (forskrift 15. juni 2001 nr 616) er det likevel ein regel om bruk av kontraktstandardar som seier at der det finnes framforhandla og balanserte kontraktstandardar skal desse som hovudregel nyttast ved inngåing av tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar. I utkastet til nytt regelverk som vart sendt på høyring i 2005 vart det ikkje foreslått endringar i denne regelen, men det kom merknader mellom anna frå Næringslivets Hovudorganisasjon (NHO) og byggebransjen der det vart bedt om at regelen vart endra. På bakgrunn av innspela vart regelen endra, slik at åtgangen til å fråvike kontraktstandarda vart snevra inn. Regelen føresett no at ingen urimeleg risiko skal førast over til leverandøren for forhold som han ikkje har kontroll over og der kostnaden ikkje kan estimerast på forhand.

Etter forskrifta vert vedteken i april, har det kome reaksjonar frå einskilde offentlege innkjøparar på denne utforminga. Det vert framhalde at endringa er eit inngrep i avtalefridomen, og synt til at føremålet med reglane ikkje er å regulere kva avtalevilkår som skal leggst til grunn. Det vert og syna til at innhaldet i regelen er uklår både med omsyn til innhald og konsekvensar, og at styrkjeforholdet ved avtaleinngåingar kan variere, blant anna ved at større leverandørar lettare kan ta på seg risiko enn mindre leverandørar.

Departementet ser i ettertid at spørsmålet om endring av denne regelen burde vore utreda grundigare før regelen eventuelt vart endra. Innspela syner at det er fleire uklare sider ved regelen som kan føre til utryggleik og diskusjonar mellom innkjøparar og leverandørar. Departementet er òg tvilande til om det er føremålsteneleg å regulere innhaldet i avtalen mellom innkjøparar og leverandørar utover det som går fram av gjeldande forskrift.

Departementet foreslår at den endra regelen om kontraktstandardar i forskrifta frå april reverserast, slik at ein held fast ved ordlyden som går fram av gjeldande forskrift. Ein liten forskjell frå gjeldande ordlyd er likevel at ein lar regelen gjelde òg for varekontraktar.

3.2 Kva del av forskrifta gjeld

For kontraktar med verdi mellom 500 000 kroner og EØS-terskelverdi, gjer forskrifta unnatak frå kunngjeringsplikta slik at berre dei alminnelege reglane i forskriftas del I gjeld, i ein rekkje tilfelle lista i § 2-1 anna ledd bokstav a-f (til dømes der innkjøpet berre kan foretas hos ein leverandør i marknaden eller at kjøpet grunna uførutsette omstende ikkje kan utsettes i den tida det tar å gjennomføre ein konkurranse). Ved ein feil er ikkje dette unnataket gjort gjeldande også ved kjøp av uprioriterte tenester etter § 2-1 femte ledd. Feilen rettast no.

3.3 Andre endringar

Det foretas om lag tolv andre justeringar i forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser og tre justeringer i forskrift 7. april 2006 nr. 403 om innkjøpsregler i forsyningssektorene (vann- og energiforsyning, transport og posttjenester) mv. Justeringane er til dels naudsynte for å sikre rett gjennomføring av direktiv-pliktane etter EØS-avtalen, dels gjerast justeringane for å korrigere feil krysshenvisingar internt i forskrifta, dels for å korrigere feil eller upresis ordbruk. Endringane er av teknisk art.

4. Endringa i forskrift til offentlighetsloven

Med heimel i lov 19. juni 1970 om offentlighet i forvaltningen (offentlighetsloven) § 11 annet ledd, fastsett forskrift av 14. februar 1986 nr. 351 punkt V nr 12 at følgjande generelt kan unnatakas frå innsyn: ”tilbud og protokoller som nevnt i forskrift fastsatt ved kgl.res. av 15. juni 2001 nr. 616 om offentlige anskaffelser og forskrift fastsatt ved kgl.res. av 16. desember 1994 nr. 1110 om innkjøpsregler innen vann- og energiforsyning, transport og telekommunikasjon (forsyningsforskriften)”.

Inntil den nye offentleglova, lov av 19 mai 2006 nr 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova), trer i kraft, skal generalunnataket for innsyn i tilbod og protokollar forsett gjelda. Forskrift til offentleglova V nr. 12 må derfor endrast, slik at den visar til dei nye innkjøpsforskriftene.

Endringane er førelagt Justisdepartementet som har godkjend desse.

”Fornyings- og administrasjonsdepartementet

t i l r å r

Forskrift om endring av forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser og forskrift om endring av forskrift 7. april 2006 nr. 403 om innkjøpsregler i forsyningssektorene (vann- og energiforsyning, transport og posttjenester) mv. vert fastsett i samsvar med vedlagte forslag.

Forskrift om endring av forskrift 14. februar 1986 nr. 351 ”Forskrift til offentlighetsloven. Delegering av myndighet” vert fastsett i samsvar med vedlagte forslag.”